

Helsefelleskap Møre og Romsdal



| | |
|--------------------|-------------------------|
| Møte/Utval: | Forhandlingutvalet |
| Møteleiar: | Stian Endresen |
| Referent: | Oddvar Marøy |
| Møtenummer: | 1/2023 |
| Dato: | 29.03.2023 |
| Tid: | Kl. 08.30 - 11.30 |
| Stad: | Scandic Alexandra Molde |

| Organisasjon | Medlemar | Møtt |
|-----------------------------|--|------|
| Helse MR HF | May Helen Molvær Grimstad – kommunikasjon- og samhandlingsdirektør | X |
| | Jan Rino Austdal - jurist | X |
| | Eli Otterlei – samhandlingssjef | X |
| | Elisabeth Siebke – klinikksjef Ålesund sjukehus | |
| Kommunane i M&R | Kjetil Leirbekk – kommunalsjef Averøy kommune | X |
| | Cato Innerdal – kommuneoverlege Molde kommune | X |
| | Guri Hasund Reiten – jurist Ålesund kommune | |
| | Ragnhild Aarflot Kalland – leiar forvaltningskontor Volda kommune | X |
| Brukarrepresentantar | Paula Næss Skår - brukarrepresentant HMR | X |
| | Eilin Reinaas – brukarrepresentant kommunar (teams) | X |
| Praksiskonsulent | Stian Endresen - praksiskonsulent | X |
| KS-representant | Marianne Aasen KD-nettverket | X |
| Sekretariat | Karethe Kristoffersen Aam – rådgjevar samhandling HMR HF | X |
| | Oddvar Marøy – samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre | X |

SAKSLISTE

| Sak nr | Sak |
|--------|--|
| 1/23 | <p>Stian Endresen ynskjer velkomen.</p> <p>Presentasjonsrunde av frammøtte deltakarar.</p> <p>Brukarrepresentant Eilin Reinaas deltek på teams i møtet.</p> <p>Frå helseføretaket vert det meldt at det vert skifte av representantar.</p> <p>Elisabeth Siebke og May Helen M Grimstad går ut.</p> <p>Nye medlemmer frå HMR vert Kjetil Lundberg og Trude Gudbrandsen Solenes.</p> <p>Møteleiar peikar på brukarrepresentantane si rolle og viktig stemme i utvalet.</p> <p>Forankring av avtalen gjennom medverknad i prosessen skal leggast vekt på.</p> |
| 2/23 | <p>Presentere vedtak i sak 3/23 frå SSU 18.01.23, inkludert vedtatt mandat</p> <p>Forhandlingsutvalet konstituerte seg med Stian Endresen møteleiar.</p> <p>SSU har gjennom mandatet gitt forhandlingsutvalet frie fullmakter til å utforme framlegg til ny avtale.</p> |
| 3/23 | <p>Velje forhandlingsleiar/ta stilling til intern eller ekstern forhandlingsleiar jf. vedtak i SSU sak 3/23 2 b)</p> <p>Spørsmålet har vore grundig handsama i SSU og ein viser til at Helseføretaket ved førre forhandlingsrunde hadde ei sterkare rolle enn ynskjeleg. Gjennom samarbeidet i helsefelleskapet er det gitt grunnlag for ei meir likeverdig fordeling av rolle og</p> |

Helsefelleskap Møre og Romsdal



| | |
|------|---|
| | <p>funksjonar. For å hindre at ein av partane også må ta oppgåve med leing av forhandlingane, har særleg helseføretaket foreslått å engasjere ekstern forhandlingsleiar. Kommunane har primært ynskt dette løyst internt grunna kostnadane med å engasjere ekstern forhandlingsleiar.</p> <p>Praksiskonsulent Stian Endresen er foreslått som forhandlingsleiar, m.a. fordi han har ei rolle delt mellom partane og kjenner rolla frå førre forhandlingsrunde.</p> <p>VEDTAK : Stian Endresen vert valt som forhandlingsleiar.</p> |
| 4/23 | <p>Ta stilling til vara representasjon jf. vedtak i SSU sak 3/23 1 b)</p> <p>Spørsmålet om vara-representasjon har vorte reist frå Romsdalskommunane, med m.a. krav om at vararepresentant for kvart medlem og rett til deltaking i alle møte. Drøfting rundt kor stort utvalet bør vere for å vere funksjonsdyktig og kor store ressursar som skal nyttast i arbeidet.</p> <p>Korleis sikre rimeleg vara-representasjon? Er det tilstrekkeleg med ein vara frå kvar av partane ?</p> <p>Utfordringane med representasjon vert opplevd ulikt frå dei ulike partane i utvalet. Viktig at dei som er med er deltakarar og ikkje tilskodarar gjennom vara-rolle. Det vert peika på gode moglegheiter for deltaking via teams. Etter drøfting vart det semje om slik organisering av vara-medlemmar :</p> <p>VEDTAK :</p> <ol style="list-style-type: none"> HMR, kommunane og brukarrepresentantane vert internt samde kvar seg om oppnemning av kvar sin vararepresentant. Vararepresentant har berre møterett ved forfall. |
| 5/23 | <p>Avtale møteplan, arbeidsform og tidslinje jf. vedtak i SSU sak 3/23 2 c)</p> <p>Til møta vert partane oppmoda om å førebu seg godt og vere konkrete på forslag til endringar slik at møta kan gjennomførast på ein rasjonell måte.</p> <p>Viser til utsendt møteplan, jf. innkalling. Møta framover blir både på teams og som fysiske møte.</p> <p>Neste møte vert 19/4 på teams.</p> <p>Forhandlingsutvalet skal ha nokre fysiske heildags møter. Ved to-dagars møter kan ein ha lang dag første dag og avslutte tidlegare den andre dagen.</p> <p>Ved gjennomgang av foreslått møteplan vart det gjort slike endringar:</p> <p>VEDTAK : Mai-møtet vert flytta til 11-12/5 Oktober-møtet vert flytta til 1-2/11 Datoane for 2024 vert handsama på møte i august. Karethe sender ut korrigerert møteplan og sender møteinnkalling på kalender. Sekretariat bestiller møterom på hotell.</p> |
| 6/23 | <p>Kostnadsdeling jf. vedtak i SSU sak 3/23 2 c)</p> <p>VEDTAK:</p> <ol style="list-style-type: none"> Partane tek sjølv eigne kostnader. Fordeling utgifter for brukarrepresentantane vert gjort etter inngått avtale med høvesvis helseføretaket og kommunane i helsefelleskapet. |



| | |
|------|---|
| | <p>3. Kommunesida set opp tentativt budsjett med sine kostnader til intern orientering.</p> |
| 7/23 | <p>Vurdere risiko for brot i forhandlingane, kva tiltak som då skal settast inn for å kome i mål. jf. vedtak i SSU sak 3/23 2 a)</p> <p>Brot i forhandlingane kan verte ein realitet, men partane har stor tru på at revisjon av avtalen kan gjennomførast utan at dette vert realitet.</p> <p>Det vert stilt spørsmål om møteleiar også kan ha ei eventuell meklarrolle ?</p> <p>Viktig at partane deltek på ein måte som fremmer tillit og respekt for kvarandre gjennom forhandlingane. Nokre viktige prinsipp for forhandlingane: Møteleiar er ikkje meklar men skal i sin funksjon syte for god dialog.</p> <p>Forhandlingsutvalet ser for seg slik framgangsmåte for problemløysing:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Partane skal strekke seg langt for å få til semje om aktuelle spørsmål og interesse motsetningar som kan oppstå 2. Dersom forhandlingar ikkje fører fram og det vert fare for brot, skal partane : <ol style="list-style-type: none"> a) Gå tilbake til sin respektive oppdragsgivarar/styre for klargjering av mandat og eventuell løysing på usemja. b) Nytte eksterne meklarar som kvar av partane kjenner og som ein har tillit til c) Konsultere og søke råd i Helsedirektoratet eller sende sak til Nasjonal tvisteløysingsnemnd. 3. SSU skal haldast orientert om framdrift og korleis utvalet arbeider. <p>Spørsmål om utvalet kan bruke lokal tvisteløysingsnemnd ved eventuelle brot i forhandlingane. Partane har ikkje oppnemnt lokal tvisteløysingsnemnd i dag og det er usikkert om slik nemnd vil kunne ha rolle/mandat til å behandle usemje under sjølve forhandlingane.</p> |
| 8/23 | <p>Presentasjon av rettleiar for samarbeidsavtaler som er på høyring.</p> <p>Obs på nye tema som må vere med i samarbeidsavtalen.</p> <p>Rettleiaren er bygd på tidlegare dokument og gir føringar for innhald og mogleg oppbygging av ny avtale.</p> |
| 9/23 | <p>Oppretting av teams gruppe for forhandlingsutvalet</p> <p>Forhandlingsutvalet fekk orientering om oppretta teams område. Tilgang til teams området vert sendt medlemmar og vara-medlemmar når dette er klart.</p> |
| Evt. | <p>Agenda neste møte :</p> <p>Kvar av partane presenterer sine ambisjonar til arbeid med forhandlingane.</p> <p>Framlegg til strukturendringar for neste avtale</p> <p>Bruk av målform under arbeidet med samarbeidsavtalen</p> <p>Gjennomgang av utvalsstrukturen</p> <p>Innhaldet i avtalen</p> |

Helsefelleskap Møre og Romsdal

